



Odd Maurset Vabø
Vassbygdvegen 740
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/11525 - 20/78377

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
08.12.2020

Pålegg om retting og ilegging tvangsmulkt - gbnr 180/5 Leivestad søndre

Administrativt vedtak: Saknr: 1334/20
Tiltak: Utbetring septiktank
Byggjestad: Gbnr: 180/5
Tiltakshavar: Odd Maurset Vabø

VEDTAK:

Med heimel i forureiningslova § 7 fjerde ledd krev kommunen utbetring av avvik i septiktanken på eigedommen din med gnr 180, bnr. 5. Frist for retting er satt til 10.02.2021. Alver kommune skal underrettast når arbeidet er utført.

Med heimel i forureininglova § 73 vert det fatta vedtak om ilegging av tvangsmulkt, i form av ei eingongsmulkt på NOK15 000,- og ei dagmulkt på NOK 200,- pr dag dersom utbetringa ikkje vert gjort innan 10.02.2021. Tvangsmulkta vil løpe i frå 01.03.2021.

Saksutgreiing

Vi viser til brev om registrert avvik og førehandsvarsel om pålegg om utbetring av septiktanken av 08.07.2020, med frist for retting **06.08.2020**. I førehandsvarselet ber me om tilbakemelding om at dette er gjort. Alver kommune har ikkje motteke tilbakemelding innan fristen.

Grunngjeving for pålegg om rydding og ilegging av tvangsmulkt

Alver kommune har den 12.06.2020 motteke melding frå Norva24 AS om det ved tømning den 10.06.2020 vart registrert lågt nivå og lekkasje i septiktanken på eigedommen din. Lågt nivå i tanken tyder på at det kan vere lekkasje frå tanken, og at den ikkje fungerer slik den skal. Ved lekkasje frå septiktanken renn avløpsvatn ut i grunnen med fare for forureining og med fare for at menneske og dyr blir sjuke. Same tilstanden vart meldt frå Norva24 AS i april 2018. Tilstanden er ikkje utbetra.

Det er forureinar sitt ansvar å sørkje for at tilhøva på forureiningsstaden ikkje verkar ureinande. Grunnboka visar at det er du som er eigar av eigedommen, og kommunen rettar difor pålegget til deg.

Føresegna i forureiningslova. § 7 seier at alle har ei plikt til å unngå forurening. Det følgjer av forureiningslova § 7 først ledd at «(I)ngen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forurensning» utan at det er gjeve løyve til det.

Alver kommune har etter forureiningslova § 7 ferde ledd mynde til å gje pålegg til den ansvarlege om utbetring av avviket innan ein nærare angitt frist.

Septiktanken må rettast ved at lekkasje vert tetta, eller tanken vert erstatta med ny tank.

Dersom tanken vert erstatt med ny tank vil dette vere eit søknadspliktig tiltak etter plan- og bygningslova som krev løyve frå kommunen.

Dersom kommunen innan ikkje har fått ei skriftleg tilbakemelding og biletedokumentasjon frå deg med opplysningar om at tanken er utbetra, vil vedtaket tre i kraft.

Andre opplysningar

Pålegg om tvangsmulkt er tvangsgrunnlag for utlegg, jfr. tvangsfullbyrdslova § 7-2.

Tvangsmulkta kan inndrivast utan opphald av Statens innkrevingsentral.

Den som unnlatar å treffe tiltak som han er pliktig til etter forureiningslova § 7, kan straffast med bøter eller fengsel i inntil 1 år, jfr. forureiningslova §§ 78 og 79.

Tilbakemelding

Når retting er utført, må eigar sende inn dokumentasjon for utført arbeid og returnere det til kommunen innan den nemnde fristen. Legg ved biletedokumentasjon som syner at tanken er blitt reparert.

Dokumentasjon sendast til:

E-post post@alver.kommune.no

Brev Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining og sørgje for retting når dette er skjedd følgjer av forureiningslova § 7.
- Ilegging av tvangsmulkt følgjer av forureiningslova § 73
- Straffeansvar for forureining eller forsøpling framgår av forureiningslova §§ 78 og 79.

Dersom du har spørsmål til saka, kan du ta kontakt med sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på epost.

Pålegg om tvangsmulkt er tvangsgrunnlag for utlegg, jfr. tvangsfullbyrdslova § 7-2.

Tvangsmulkta kan inndrivast utan opphald av Statens innkrevingsentral.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er **3 veker**, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/11525

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Silje Haukedal
Avdelingsleiar

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Odd Maurset Vabø

Vassbygdvegen 740

5912

SEIM